



Flott ryddejobb!

Festidalen sluttar aldri å imponera! Då eg var oppom Dønhaug i dag, mandag, var det tydeleg at dei hadde brukt søndagen godt. Området var ikkje til å kjenna att frå festvaldagane. Det framstod som ryddig og fint. Også campingplassen var rydda. Det som står att no er i hovudsak å transportera vekk utstyr.

Områdesjefen Steinar Haugland rosar dei som var med på nedrigging og rydding søndag.

- Det var ein dugande og svært effektiv gjeng, men vi hadde håpa at litt fleire hadde kome og hjelpt til, seier Steinar som også legg til at dei ut frå tidlegare erfaring har gjort grep som gjer oppryddingsarbeidet meir effektivt. No gjenstår stort sett arbeid med traktor og lastebil for å transportera utstyr vekk. Han er svært fornøgd med at dei fekk gjort så mykje i går.

Då eg snakka med Steinar var han klar til å endeleg få transportert sauene sine til fjells. Dei skal køyrast til Røldal og drivast to dagar til beita i Valldalen. Ekstra seint vart det i år, og likevel har familien gjort ein formidabel jobb på Dønhaug. Alle fem er blant våre mange Festidalen-heltar!

Då eg køyrde til butikken i dag, sakna eg Mannen på Sandabakkane, dei raud/kvit-rutete dukane og melkekartong-vasane med blomar på rasteplass-borda og banner som kledde bygda. Litt tomt vart det, men slik skal det vera! Vi er glade for at vi kan sjå fram til Festidalen 2016 . Den vert 4. - 7.august.



Også festivalcampen er ferdig rydda.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland